

7. - 11. oktober / www.litteratursymposiet.no / 2005 - 2015

ODDA 2015

LITTERATURSYMPOSIET





Foto: Marita Aarekol

Heim

Gode symposievenner!

Ein mørk tysdag hausten 2014 vakna Oddingane opp til eit mareritt: elva Opo, skrive inn i litteraturhistoria som Gryttnes *Flytande Bjørn*, hadde gått langt over sine breidder og rive med seg fleire hus på vegen. Familiar mista sine heimar og eigedelane deira vart plukka opp i fjorden mange mil utover, i lang tid etter.

Dette motivere oss til val av årets tema HEIM. Kva har ein om ein mister alt ein eig? I lys av folkevandringane vi ser om dagen, har temaet blitt høgaktuelt. Kva om du ikkje bare mister heimen, men alle papira, heimlandet og familien din?

På årets Litteratursymposium vil vi både rette blikket utover, og sjå på Norge og verda - i dag. Og vi vil rette blikket innover, mot oss sjølve, mot Odda, mot barna og våre heimar. Vi håper våre beste forfattarar vil vise veg.

I år har vi attpåtil eit jubileum å feire: Litteratursymposiet i Odda er 10 år! Velkomen til fem dagar fylt med opplevingar: litterære møte, konsertar, debattar, alvor, fest og moro!

Kom heim.

Ingvild Ystanes
Festivalleiar

ODDA 2015

LITTERATURSYPISIET



Billetter:

- Tenestetorget i Odda
- www.litteratursymposiet.no
- Restbill. i døra

Festivalleing:

Ingvild Ystanes, festivalleiar.
Else Marie Sandal, biblioteksjef.
Programansvarlig for barn og unge.
Lage Thune Myrberget,
Kultur- og idrettssjef Odda kommune.
Elin Myran, Frivilligsentralen i Odda.
Gro T. Kollbotn, festivalassistent.
Blueslaget Lokst Utøve, teknisk arrangør.
Kulturavd. i Odda kommune.

Kunstnariske rådgjevarar:

Marit Eikemo, Frode Grytten,
Frode Molven, Augon Johnsen m.fl.

7. - 11. oktober / www.litteratursymposiet.no

ONSDAG 7. OKTOBER

| | | |
|-------|------------------|--------------------------------------------------------------------------------------|
| 11.30 | Smelt | <i>Litterær lunsj.</i> Tove Nilsen. Gratis |
| 14.00 | Sentralbadet | <i>Bibliotekseminar – Bokdykk.</i> Ope for alle! Gratis |
| 15.00 | tidl. Parfymelle | Opning av utstillinga <i>Flukt og flom.</i> Gratis |
| 17.00 | Sentralbadet | <i>Heimstaddiktaren.</i> Lars Ove Seljestad i samtale med Jan H. Landro. 50,- |
| 18.00 | Smelt | Opning av symposieutstillinga <i>Heima hos.</i> |
| 19.00 | Lindehuset | <i>Litterær kraftstasjon.</i> 250,- |
| 21.30 | Iris scene | <i>Tingenes tilstand.</i> Musikalsk tonefølgje: Music for a while. 150,- |
| 22.00 | Hard. hotel | <i>DJ i hotellbaren</i> |

TORS DAG 8. OKTOBER

| | | |
|-------|------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | Lindeplassen | <i>Boktorg.</i> Opplesingar, musikk, sal av mat og drikke. Boksal og signering. |
| 09.30 | Sentralbadet | <i>Bibliotekseminar – Bokdykk.</i> (til 11.00) |
| 11.30 | Smelt | <i>Litterær lunsj.</i> Gratis |
| 12.00 | Biblioteket | <i>Bokdykk med Tove Nilsen.</i> v/Jan H. Landro om <i>Konge i snø.</i> 50,- |
| 13.00 | Sentralbadet | <i>Flommen.</i> Espen Stueland i samtale med Margunn Vikingstad. 50,- |
| 13.30 | Biblioteket | <i>Okkupert.</i> Simon Stranger i samtale med Ruth Lillegraven. 50,- |
| 15.00 | tidl. Parfymelle | <i>Flukt og flom.</i> Utstilling (til 18.00) |
| 15.30 | Sentralbadet | <i>Fabrikkbyane.</i> Foredrag v/ Eva Røyrane 50,- |
| 16.00 | Vitensenteret | <i>Opo rundt.</i> Vandring. 100,- |
| 16.00 | Sentralbadet | <i>Møt Anne Oterholm.</i> I samtale med Margunn Vikingstad. 50,- |
| 17.00 | Iris scene | <i>Forfattarar og politisk engasjement.</i> Kaja Schjerven Mollerin, Vigdis Hjorth og Lotta Elstad i samtale. 100,- |
| 17.30 | Idrettens hus | <i>10 bod for ein betre barneidrett.</i> v/ Gudmund Skjeldal. Gratis |
| 18.00 | Sentralbadet | <i>Sentralbadet poesi.</i> Paal M. Elstad, Anna Kleiva, Pedro Carmona-Alvarez. Programvert: Fredrik S. Hagen 100,- |
| 18.00 | Ungdomshallen | <i>Rikskonsert.</i> NING ensemble, Odda musikklag og blanda kor. MERK: 2 forestillinger. 200,- |
| 19.30 | Hard. hotel | <i>Slekters gang.</i> Bokprat med Jan Kjærstad v/ Sverre Tusvik. 100,- |
| 20.30 | Hard. hotel | <i>Tilværelsens kamponer.</i> Erlend Loe, Marit Eikemo, Vigdis Hjort og Jens M. Johansson. 100,- |
| 20.00 | Ungdomshallen | <i>Rikskonsert.</i> NING ensemble, Odda musikklag og blanda kor. MERK: 2 forestillinger. 200,- |
| 22.00 | Odda Folkebad | <i>Nattsvømming.</i> Anna Kleiva. Frode Grytten, Hans Kristen Hyrve og Pedro Carmona-Alvarez. Manifest for folk flest. 200,- |
| 22.00 | Hard. hotel | <i>DJ i hotellbaren.</i> |

FREDAG 9. OKTOBER

| | | |
|-------|------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|
| | Lindeplassen | <i>Boktorg.</i> Opplesingar, musikk, sal av mat og drikke. Boksal og signering. |
| 11.00 | Odda energi | <i>Bedriftsbesøk.</i> Kjersti W. Håland. Gratis |
| 11.00 | Fargerike | <i>Bedriftsbesøk.</i> Anne Oterholm. Gratis |
| 11.00 | Sparebanken Vest | <i>Bedriftsbesøk.</i> Gudmund Skjeldal. Gratis |
| 11.00 | NLI | <i>Bedriftsbesøk.</i> Davy Wathne. Gratis |
| 11.00 | NVIM | <i>Bedriftsbesøk.</i> Musikk og omvising i kraftstasjonen. Gratis |
| 11.00 | NIBIO, Lofthus | <i>Bonden, hamsterhjulet og kjedemakta.</i> Foredrag ved Siri Helle. Gratis |
| 11.30 | Smelt/Lindepl. | <i>Litterær lunsj / musikk</i> |
| 12.00 | Sentralbadet | <i>Kor går romanen?</i> Jan Kjærstad og Kaja Schjerven Mollerin i samtale. 50,- |

| | | |
|-------|------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 12.00 | Biblioteket | <i>Du ser det ikkje før du trur det.</i> Inga Marte Thorkildsen i samtale med Hilde Danielsen. 50,- |
| 13.00 | Sentralbadet | <i>Dei som ikkje har ein heim.</i> Simon Stranger og Birgitte Lange i samtale. 100,- |
| 14.00 | Biblioteket | <i>Familien.</i> Vigdis Hjorth og Jens M. Johansson. Ordstyrar: Margunn Vikingstad. 100,- |
| 15.00 | tidl. Parfymelle | <i>Flukt og flom.</i> Utstilling (til 18.00) Gratis |
| 15.00 | Murboligen | <i>Bikubegang.</i> Byvandring med Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez. Gratis |
| 15.00 | Sentralbadet | <i>Møt Wencke Mühleisen.</i> I samtale med Hilde Danielsen. 50,- |
| 16.00 | Sentralbadet | <i>Mine fem år som far.</i> Bjarte Breiteig i samtale med Marit Eikemo 50,- |
| 17.00 | Odda Kino | <i>Salongen i Odda.</i> Live radiosending. Gratis |
| 17.30 | Røldal | Gjester: Frode Grytten og Lotta Elstad |
| 18.10 | Sentralbadet | <i>Låve-vandring.</i> Løe-vandring og foredrag v/Eva Røyrane. Gratis |
| 19.00 | Lindehuset | <i>Skrivekunstakademiet.</i> Opplesing ved studentar og lærarar. Gratis |
| 20.00 | Tyst, Røldal | <i>Litterær heilafte.</i> 250,- |
| 21.30 | Sentralbadet | <i>Konsert.</i> Elin Furubotn. 150,- |
| 22.00 | Hard. hotel | <i>Salonghistoriekveld.</i> Folk deler historier frå sine liv. Gratis |
| 22.30 | Iris scene | <i>Fotballdebatt.</i> Heimelaget. 200,- |
| 22.00 | Hard. hotel | <i>John Lennon 75 år.</i> Tributekveld med Bård Ose og lokale heltar. 200,- (150,-) |
| | | <i>DJ i hotellbaren.</i> |

LAUR DAG 10. OKTOBER

| | | |
|-------|------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | Lindeplassen | <i>Boktorg.</i> Opplesingar, musikk, sal av mat og drikke. Boksal og signering. |
| 11.00 | Meieriet | <i>Småsymp.</i> Erlend Loe les. Forestilling: <i>Morgonfrosken.</i> 100,-/50,- |
| 11.00 | Sentralbadet | <i>Møt Inger Bråtveit.</i> I samtale med Margunn Vikingstad. 50,- |
| 12.00 | Hard. hotel | <i>Biletet av Hardanger.</i> Samtale om identitet. 100,- |
| 12.00 | tidl. Parfymelle | <i>Flukt og flom</i> – Utstilling. (til 15.00) Gratis |
| 12.00 | Gågata | <i>Gateprat.</i> Kjersti W. Håland og Fredrik S. Hagen om Dommedøgn. Gratis |
| 12.30 | Smelt/Lindepl. | <i>Gratis konsert / open mic.</i> |
| 13.00 | Hard. hotel | <i>Tabu.</i> Wencke Mühleisen, Bjarte Breiteig og Inga Marte Thorkildsen i samtale. Ordstyrar: Jens M. Johansson. 100,- |
| 13.00 | Sentralbadet | <i>Johan + John Erik.</i> Johan Harstad og John Erik Riley i samtale. 50,- |
| 13.30 | Vitensenteret | <i>Smelteverket rundt på 100 minutt.</i> Gratis |
| 14.00 | Hard. hotel | <i>Alt inkludert.</i> Bokprat med Marit Eikemo v/Kaja Schjerven Mollerin. 50,- |
| 14.30 | Sentralbadet | <i>Fotobomber og dataspor.</i> Foto før og no. John Erik Riley. Gratis |
| 15.00 | Sentralbadet | <i>Heimekjensla.</i> Pedro Carmona – Alvarez og Pål Norheim i samtale. Ordstyrar: Kaja Schjerven Mollerin. 100,- |
| 15.00 | Hard. hotel | <i>Gratis konsert.</i> Elin Furubotn. |
| 15.30 | Arb. boligane | <i>Om Slåttelid og russerne.</i> v/Hilde Danielsen. 50,- |
| 16.00 | Murboligen | <i>Murboligen 100 år – bakgårdsfest.</i> Gratis |
| 18.00 | Odda Kino | <i>Knud Knudsen – den usynlige fotografen.</i> Film premiere. Album. m.m. 150,- |
| 20.00 | Lindehuset | <i>Ta meg heim.</i> Frode Grytten med band. 250,- |
| 23.00 | Iris scene | <i>The Fjords.</i> Konsert. 200,- |
| 22.00 | Hardanger | <i>Konsert / dans</i> Morellswingers. 200,- |

SØNDAG 11. OKTOBER

- 12.00 tidl. Parfymelle **Flukt og flom.** Når hjemmet blir borte. Foredrag v/ Birgitte Lange. Utstillinga open til kl. 14.00 **Gratis**
- 12.00 Lilletopp **Familetur til Lilletopp, Tyssedal.** I samarbeid med Barnas Turlag. **Gratis**
- 13.00 Odda stadion
13.00 Kalvatræet **Fotballkamp: OFK - Sola.** Bill. på stadion
Forfattarbesøk. Pedro Carmona-Alvarez les frå *Samtaler med onkel Nica og tante Viola.* **Gratis**
- 18.00 Ullensvang kyrkje **Soga om Seselja.** Ruth Lillegraven, Rannveig Djønne og Tuva Syvertsen. **250,-**

Bokhandel

Kjøp bøkene til forfatterane på Litteratursymposiet!

Vil du lese deg opp? Vi har alt bøkene på lager. Sjå boklister på nettsida.

Ta kontakt på litteratursymposiet@gmail.com for bestilling.

Utsal under festivalen:

FESTIVALKONTORET på Torget 2-4, 10.00 - 18.00, laur 11.00- 15.00

LINDEHUSET og andre arenaer, pop-up på Lindetorget.



ODDA2015
LITTERATURSYPMSIET

2005 - 2015

Vandringar

Bikubegang

Bli med inn i Frode Gryttnens univers og det mytiske Odda. Bikubegang er ei vandring i det litterære og heilt konkrete Odda, med opplesingar, folkesnakk og historiske kuriosa.

Fredag kl. 15.00. Start: Murboligen

Opo rundt, Min vesle by

Nær-tur over Mannsåker med Siri Helle og Eva Røyrane som guidar og samtalepartnarar undervegs. Om det skjulte landbruket og fabrikkbyen.

Torsdag kl. 16.00. Start: Vitensenteret

Smelteverket rundt på 100 minutt

Bli med på ei vandring med to kjemper frå Odda: Fabrikkdiktar og Oddas heimkomne son Lars Ove Seljestad og den legendariske fagforeiningsleiaren og Raudtpolitikaren Terje Kollbotn. Saman tar dei oss med inn i ruinane av Odda smelteverk.

Margot-Helene Rosvold spelar undervegs.

Laurdag kl. 13.30. Start: Vitensenteret



2005 - 2015

Onsdag kl. 19.00 Lindehuset

Symposiets 10-årsjubileum opnar med eit brak. Høyr forføreriske talarar, kor og kabaretdronning og klassereisforfattaren sine tankar om heim. Det blir Kurt Weill og Helge Olsen, og tankar frå ein klimabevisst poet. Melsom-prisen skal delast ut. Til og med gjennomsnittsmannen dukkar opp igjen i Lindehuset. Manifest for folk flest skal ropast ut over litteratursymposiet i Odda i år.

Medverkande: Tyssedalkoret, Lars Ove Seljestad, Tora Augestad, Anne Oterholm, Frode Grytten, Espen Stueland, Sverre Tusvik, Svein Roger Karlsen, Music for a while.



Foto: Marina Sorohan



Foto: Tove K. Brenseth



Foto: Marina Sorohan



Foto: Marie Walvik



Foto: Marina Sorohan



Foto: Cato Lein



Foto: Siren Heyland Statler

Litterær kraftstasjon



Foto: Steinar Buholm

ONSDAG KL. 11.30 / SMELT LITTERÆR LUNSJ

Tove Nilsen – den litterære heimen

Korleis skrive om det som skjer bak gardinene til folk? Tove Nilsen reflekterer om korleis hus og heim kan gjerast tydeleg i romanar. Det store i dei små augeblinka og glimta av kvardagsliv som viser seg å vere sjølv livet.



Foto: Augon Johnsen

ONSDAG KL. 14.00 – 16.00 / SENTRALBADET BIBLIOTEKSEMINAR – BOKDYKK

Bibliotekarar lever med bøker, men korleis er det å snakke med forfattaren om bøkene? Korleis er det å vere forfattar som år etter år får dei same spørsmål i bokpratlar? Korleis stille gode spørsmål? Og ikkje minst: Kva må ein tenke på for å lage eit bra arrangement? 2-dagars seminar i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek. Ope for alle. Sjå nettsida for meir info.

ONSDAG KL. 18.00 / SMELT HEIMA HOS

Opning av symposieutstillinga. Musikk ved ReHarvest frå Ulvik som har gjendikta Neil Young heim til Hardanger. Sjå s. 12-13



Foto: Maria Sbroten



ONSDAG KL. 17.00 / SENTRALBADET HEIMSTADDIKTAREN

Lars Ove Seljestad i samtale med Jan H. Landro om klassereisa, heimstaddikting og arbeidarlitteraturen.

ONSDAG KL. 19.00 / LINDEHUSET LITTERÆR KRAFTSTASJON Symposiets opningsforestilling.

Sjå eige oppslag s. 8-9



ONSDAG KL. 21.30 / IRIS SCENE TINGENES TILSTAND

Om flukt, flom og Odda. Musikalsk tonefølgje: Music for a while. Jazz-ensemblet har henta namnet sitt frå ein av musikkhistorias mest kjente songar. I teksten heiter det at «musikk kan, for et øyeblikk, fordrive alle dine bekymringer».



Heima hos

Fotograf Ingerid Jordal har blitt med noen av Oddaforfattarane heim.

Symposieutstilling, Smelt

"Eg er heima i Odda, men eg har ingen heim i Odda lenger. Far arbeidde på Smelteverket, og som smelteverksarbeidarar flest, leigde han hos fabrikkjen. Under oppveksten min flytta me difor rundt i Røldalsvegen ettersom familien auka eller far steig i gradene. I Bygda, der mor mi bur no, har eg funne meg eit hjørna av sofaen som er mitt."

Lars Ove Seljestad

SmåSymp

Kun det beste er godt nok for vårt yngste publikum!

Laurdag kl. 11.00, Småsymp

Erlend Loe les frå barnefavoritten *Rumpemelk frå Afrika*. Forestillinga Morgonfrosken er basert på diktboka Når Morgonfrosken syng av Per Olav Kaldestad. **Annelag Børshjem** har laga musikken og framfører den saman med **Mari Ljone** og **Ingemund Askeland**.

Søndag kl. 12.00, Lilletopp, Tyssedal
Familietur til Lilletopp

Ta med barna på tur til Lilletopp! Naturbingo undervegs og forfattar i fordelingsbassenget. I samarbeid med **Barnas Turlag Odda/Ullensvang** og **NVIM**.

Skule- og barnehagebesøk 

Elevar i Odda og Ullensvang får besøk av nokre av våre finaste forfattarar. **Anna R. Folkestad** møter barnehagane. Til barne-skulane kjem **Roald Kaldestad** og **Roy Ole Førland** med forestillinga *To hundre og sekstini dagar* - eit musisk og poetisk møte med ei regnvêrsfortelling. Ungdomsskulane får besøk av **Simon Stranger** med sin triologi om papirlause flyktningar, og **Lars Mæhle** som m.a. har skrivne ein klima-thriller frå framtida. **Inga Marthe Thorkildsen** held aulaforedrag på Odda Vidaregåande skule.



TORSDAG KL. 09.30 – 11.00 / SENTRALBADET BIBLIOTEKSEMINAR, DAG 2

Korleis stille gode spørsmål?

Jan H. Landro og kursdeltakarane førebur og øver på bokdykk med Tove Nilsen.

Gratis. Ope for alle. [Sjå nettsida.](#)



Foto: Marne Sorøhan



Foto: Gato Lenn

TORSDAG KL. 13.00 / SENTRALBADET FLOMMEN

Hausten 2014 kom den store flommen til Vestlandet. Espen Stueland stiller i boka *700årsflommen* akutte spørsmål og fører ein opprømt diskusjon om klimaendringar, vårt forhold til naturen slik det kan lesast av i poesien og i det politiske språk. Møt Espen i samtale med Margunn Vikingstad.



Foto: Adgorn Johnsen

TORSDAG KL. 11.30 / SMELT / LINDEPLASSEN LITTERÆR LUNSJ / FORMIDDAGSKONSERT



Foto: Rann Arundsen



Foto: Jan Alsaaker

TORSDAG KL. 13.30 / BIBLIOTEKET OKKUPERT

Møt Simon Stranger i samtale med Ruth Lillegraven om sin nye roman *Det som en gang var jord*. Byen er okkupert, og det er reist ein mur rundt den. Det er ein roman om ei verd ikkje langt frå vår eiga. Det er ein roman om ikkje å gje slipp, om lengta etter det tapte, og om å halde håpet levande, sjølv i det mørkaste mørke.



Foto: Steinar Buhom

TORSDAG KL. 12.00 / BIBLIOTEKET BOKDYKK MED TOVE NILSEN

I sin siste roman *Konge i snø* går Tove Nilsen inn i familiehistoria. Det er ei personleg bok om far og mor og ukjende slektningar, om ulykkeleg samliv og om oppgjer som aldri blei tatt. Møt Tove Nilsen i samtale med Jan H. Landro.

TORSDAG KL. 15.00 - 18.00 / TIDL. PARFYMELLE FLUKT OG FLOM

Sjå eige oppslag s. 20-21




TORS DAG KL. 15.30 / SENTRALBADET FABRIKKBYANE

Landets beste arkitektar vart engasjerte når dei nye industristadene skulle reisas tidleg på 1900-talet. Odda fekk byggar, forseggjorde arbeidarstrøk, fornemme villaer, imponerende skulebygg, monumentale kraftstasjonar og dominerande industrianlegg. Kva skjer når fabrikkbyen blir kulturarv? Korleis står det til med industriarkitekturen og forvaltinga av bygningsmiljøet etter den første norske storindustrien? Foredrag ved forfattar Eva Røyane.

TORS DAG KL. 16.00 - 18.00 / START VITENSENTERET OPO RUNDT – min vesle by

sjå eige oppslag s. 7



TORS DAG KL. 16.00 / SENTRALBADET MØT ANNE OTERHOLM

Raffinert, tilsynelatande banal og provoserande. Kva er det med Anne Oterholms forfatterskap? Anne Oterholm i samtale med Margunn Vikingstad.



TORS DAG KL. 17.00 / IRIS SCENE FORFATTARAR OG POLITISK ENGASJEMENT

Vigdís Hjorth, Lotta Elstad og Kaja Schjerven Mollerin i samtale om politisk engasjement i livet og litteraturen.



TORS DAG KL. 17.30 / IDRETTENS HUS, EIDE 10 BOD FOR EIN BETRE BARNEIDRETT

Barneleiken er sett i spagaten mellom overambisiøse og overbeskyttande vaksne, skreiv Gudmund Skjeldal i ein kommentar. Vi inviterer foreldre og støtteapparat til idrettsbarn til eit møte med tidlegare langrennsløparen, som har tatt eit farvel med topp-idretten.



TORS DAG KL. 18.00 og 20.00 / UNGDOMSHALLEN RIKSKONSERT – av og med NING

RIKSKONSERT er ei blanding av talkshow, 17. mai-møte, foredrag og forestilling; det er statistikk, politikk, bunad og is - men først og fremst er det musikk. Noreg er ikkje lenger kva det ein gang var, det ser det ut som om dei fleste er einige om. Men kva er Noreg i dag? Kor er landet og befolkinga på veg? Kva skal vi samlast om, og kva rolle kan musikken eventuelt spele?

Med: NING, Odda Musikklag og kor frå Odda og Ullensvang.

Foto: Pernille Marie Wølvik



Foto: Yngvi Gótska



Foto: Erlend Elise



Foto: Marianna Sorohan



Foto: Augun Johnsen



Foto: Marianna Sorohan

TORS DAG KL. 18.00 / SENTRALBADET SENTRALBADET POESI

Symposiets faste poesiprogram i Sentralbadet litteraturhus. Årets debutant Paal M. Elstad, prisvinnande Anna Kleiva og multi-kunstnar Pedro Carmona-Alvarez møter kveldens programvert Fredrik S. Hagen til samtalar om og opplesing frå sine nye diktsamlingar.




Foto: Ottobor


TORS DAG KL. 19.30 / HARDANGER HOTEL BOKPRAT: SLEKTERS GANG

Jan Kjærstad sin nye roman, *Slekters gang*, er både ei original slektskrønike og forteljinga om ein liten, merkeleg nasjon som gjekk under namnet Noreg. Kan menneskeskjebnar vere fletta saman på andre måtar enn vi trur? Er det mogleg å velje kven vi vil vere i slekt med? Kjærstad møter Sverre Tusvik til bokprat.

TORS DAG KL. 18.00 OG 20.00 / UNGDOMSHALLEN RIKSKONSERT

TORS DAG KL. 20.30 / HARDANGER HOTEL TILVÆRELSENS KAMPSONER

Erlend Loe, Marit Eikemo og Vigdis Hjorth gir oss ein slags tilstandsrapport på Norge anno 2015 - slik dei ser landet vårt for tida. Ordstyrar: Jens M. Johansson.



TORS DAG KL. 22.00 / ODDA FOLKEBAD NATTSVØMMING

På med badebuksa! Bli med på nattbad i Oddas legendariske folkabad. Flyt rundt mens Anna Kleiva les sine dikt. Hans Kristen Hyrve og Frode Grytten øver seg til morgondagens radiosending med lydlagd salongpoesi. I badstua: *Manifest for folk flest*. Og på stupetårnet syng Pedro.



Tidl. Parfymelle.

Onsdag – Fredag kl. 15.00 – 18.00

Laurdag kl. 12.00 – 15.00

søndag kl. 12.00 – 14.00



Utstilling: *Flukt og flom*

Ein heim er meir enn eit hus. Heimen er som eit personleg museum der vi gjennom åra samlar ting. Korleis endrar katastrofar, natur – eller menneskeskapte, vårt syn på kva ein heim er? I denne utstillinga viser flyktningar, og nokre av dei som mista husa sine i flommen fram sine mest verdifulle eigedeler: gjenstandar som vart redda opp frå vatnet, eller gjenstandar tatt med til Odda gjennom ei lang flukt.

Sorga og saknet etter tapte heimar er noko dei har felles.



FREDAG KL. 11.00 / DIV. STADER BEDRIFTSBESØK

Forfatterbesøk hos samarbeidspartnarar og andre fine stader. Besøka er opne for alle. Ta turen!
Kjersti W. Håland - Odda Energi
Davy Wathne - NLI
Gudmund Skjeldal - Sparebanken Vest
Anne Oterholm -Fargerike Torkelsen
Musikk og omvisning i kraftstasjonen - NVIM



FREDAG KL. 11.00 / NIBIO, LOFTHUS BONDEN, HAMSTERHJULET OG KJEDEMAKTA

Norske bønder blir seks prosent meir produktive kvart år. Det er tre gonger så mykje som resten av Noreg. Kven tener på det? Knappast bøndene sjølve, og knappast forbrukarar som er ute etter mangfald og særpreg. Frukt- og grønnsaksbønder vert færre og større i takt med den auka makta hjå daglegvarekjedene. Er det på tide å sjå seg om etter andre mål? Foredrag ved Siri Helle.

FREDAG KL. 11.30 / LINDEPLASSEN FORMIDDAGSKONSERT


FREDAG KL. 12.00 / SENTRALBADET KOR GÅR ROMANEN?

Korleis står det til med romanen for tida? Kan ein vente at romanen skal "utvikla seg", stadig forvandla seg til noko nytt? Kva er det som gjer *Bikubesong* til ein roman, og ikkje ei novellesamling? Til å tenke høgt om romanen sine vilkår møtest Jan Kjærstad og Kaja Schjerven Mollerin til samtale.



FREDAG KL. 12.00 / BIBLIOTEKET DU SER DET IKKJE FØR DU TRUR DET

Vald og overgrep mot barn skjer heile tida, over alt. Dette er opphav til ei rekke helseproblem: fattigdom, rus, såkalla åtferdsproblem, sjølv mord og sjølv mordsforsøk. Kvifor gjer vi ikkje meir for å hindre vald og overgrep mot barn? Fordi vi ikkje vil tru at det skjer. Og når vi ikkje trur det, ser vi det heller ikkje. Inga Marte Thorkildsen i samtale med Hilde Danielsen.



FREDAG KL. 13.00 / SENTRALBADET DEI SOM IKKJE HAR EIN HEIM

Birgitte Lange og Simon Stranger i samtale om asylbarna, folkevandringane og middelshavskrisa.



FREDAG KL. 14.00 / BIBLIOTEKET FAMILIEN

To av våre fremste forfattarar, Jens M. Johansson og Vigdis Hjorth, møtest til ein samtale om det å skrive om familien. Ordstyrar: Margunn Vikingstad.



FREDAG KL. 15.00 / MURBOLIGEN BIKUBEGANG

Sjå s. 7



FREDAG KL. 15.00 / SENTRALBADET MØT WENCKE MÜHLEISEN

Kjønnsforskar og tidlegare performance-kunstnar Wencke Mühleisen har sprengt rammene for den tradisjonelle heimen. *Kanskje det ennå finnes en åpen plass i verden* er ein sjølvransakande roman om lengta etter radikale livsval – og kor gale det kan gå. Her konfronterer Mühleisen faren si fortid i Wehrmacht og sine egne erfaringar frå eit radikalt kunstnarkollektiv i Østerrike, og søker samanhengen mellom dei to. I samtale med Hilde Danielsen.



FREDAG KL. 16.00 / SENTRALBADET BOKPRAT: *Mine fem år som far*

I *Mine fem år som far* teiknar Bjarte Breiteig eit portrett av ein mann full av kjærleik og mørke, og viser fram den norske farsrolla slik vi aldri har sett henne før. I samtale med Marit Eikemo.



FREDAG KL. 17.00 / -18.00 / ODDA KINO SALONGEN I ODDA – LIVE RADIO!

Gjester: Frøde Grytten og Lotta Elstad.

Salongen er eit tøysete og alvorleg prateprogram som fyller NRK P2 kvar dag kl. 17 -18. Rundt bordet i Salongen er det lov til å tenke høgt, ytre seg, tvile, endre mening – generelt sett bruke det vettet ein har fått utdelt. Her er poesi og politisk satire, salonghistorier, diskusjonar om døden og jakta på livsvisdom.

Foto: Paal Audestad

FREDAG KL. 17.30 / RØLDAL LÅVE-VANDRING I RØLDAL

Låven er eit landemerke i det norske kulturlandskapet. I boka *Noregs låver* er heile tre løer i Røldal med. Bli med forfattar Eva Røyane på løe-vandring i Røldal, med foredrag på biblioteket kl. 18.30. Oppmøte: Øvre Rabba.



Foto: Finn Ståle Feilberg

FREDAG KL. 18.10 / SENTRALBADET SKRIVEKUNSTAKADEMIET

Opplasing ved årets studentar og lærar Tormod Haugland ved Skrivekunstakademiet i Bergen.



FREDAG KL. 20.00 / TYST, RØLDAL KONSERT med Elin Furubotn

Vokalist, gitarist, tekstforfattar og komponist med seks album bak seg. Elin Furubotn syng om underfundige kvardagssituasjonar, med humor og alvor. Hennar særleine stemme er ein fryd å lytta til, hennar klangfulle komposisjonar lette å få på hjernen.

FREDAG KL. 19.00 / LINDEHUSET LITTERÆR HEILAFTEN

Årets beste bøker lest av forfattarane sjølve:

Marit Eikemo - *Alt inkludert*

Johan Hørstad - *Max, Mischa & Tetoffensiven*

Inger Bråtveit - *Alice A4*

Jan Kjærstad - *Slekters gang*

Bokprat med Erlend Loe

Kveldens konferansier: Ruth Lillegraven



FREDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL FOTBALLDEBATT: heimelaget

Brannfan til krampen tar han, Davy Wathne, styrer skuta når supporterkjærleik skal opp til debatt. Frode Grytten, Ira Maria Seim Hagen og Jens M. Johansson.

FREDAG KL. 21.30 / SENTRALBADET SALONGHISTORIEKVELD

Folk deler historier frå sine liv med publikum. I samarbeid med NRK P2 Salongen.



FREDAG KL. 22.30 / IRIS SCENE JOHN LENNON 75 ÅR

John Lennon ville fylt 75 år i dag. Bli med på hyllestkveld med Bård Ose og lokale heltar.

Foto: Privat

FREDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL DJ I HOTELLBAREN



Knud Knudsen

I 2015 er det 100 år sidan fotografen Knud Knudsen, frå Tokheim i Odda, døydde. Knudsen reiste land og strand rundt i perioden 1868 – 1915 og dokumenterte landet med sine kamera.

Lisbeth Dreyer og Skule Eriksen har arbeidd med å løfte Knud Knudsen fram frå fotonhistoria. I jubileumsåret tek dei Knud Knudsen heim til Odda.

Film-premiere på *Album*, om Knud Knudsen og fotografiene hans og boklansering: *Knud Knudsens album*.

Laurdag kl. 18.00, Odda kino

LAURDAG KL. 11.00 / MEIERIET SMÅSYMP

Sjå eige oppslag s. 12-13

LAURDAG KL. 11.00 / SENTRALBADET MØT INGER BRÅTVEIT

I *Alice A4* går Inger Bråtveit i ein meddiktande, mytologisk og ulogisk dialog med Lewis Caroll si barnebok *Alice's Adventures in Wonderland* frå 1865. Det handlar om kjønn, klasse, makt og raseri, og den strukturelle avmakta desse faktorane, i livet og i litteraturen, er underlagde. Møt Bråtveit i samtale med Margunn Vikingstad om boka og forfattarskapen forøvrig.

Foto: Cato Lein

LAURDAG 12.00 / TIDL. PARFYMELLE FLUKT OG FLOM

Sjå eige oppslag s. 20-21



Foto: Knud Knudsen

LAURDAG KL. 12.00 / HARDANGER HOTEL BILETET AV HARDANGER

Kan Hardanger og hardangeridentiteten konstruerast? Kan ein velje seg ein identitet? Svein Ivar Angell og Knut Grove, to av forfattarane av *Hardanger - ei regionhistorie*, møter Knut Olav Åmås til samtale. Ordstyrar: Randi Bårtvedt.



LAURDAG KL. 12.00 / NEDST I GÅGATA GATEPRAT

Kjersti W. Håland i samtale med Fredrik S. Hagen om *Dommedøgn*: mange stemmer frå den fiktive industristaden Berg, der fabrikkene er nedlagd og naturen truar.



Foto: Augon Johnsen

LAURDAG KL. 12.30 / LINDEPLASSEN GRATISKONSERT/ OPEN MIC



Foto: Rolf M. Auligard




Foto: Oda Bierby

LAURDAG KL. 13.00 / HARDANGER HOTEL TABU

Kva er tabu i vår tid? Tre forfattarar med kvar sin inngang til temaet møtest til samtale. Inga Marte Thorkildsen slåss for barn sine rettar og vil bryte med tabukulturen kring barn og vald, Wencke Mühleisen har sprengd mange grenser, både i sitt liv og i sin litteratur, og Bjarte Breiteig har skrive ein roman sett frå ein overgripars si side. Ordstyrar: Jens M. Johansson.



Foto: John Erik Riley

LAURDAG KL. 13.00 / SENTRALBADET JOHAN + JOHN ERIK

Johan Harstad og John Erik Riley om *Heimdal*, *California* og *Max, Mischa og Tetoffen-siven*, om Noreg og USA og Oslo og Stavanger og ein plass midt i mellom som ein frå tid til annan saknar og ikkje heilt veit kvifor ein saknar, eller kor er. Og kanskje noko om musikk. Og litteratur.

LAURDAG KL. 13.30 / START: VITENSENTERET SMELTEVERKET RUNDT PÅ 100 MINUTT

Sjå s. 7



Foto: Marianne Sorheim

LAURDAG KL. 14.00 / HARDANGER HOTEL ALT INKLUDERT

I Marit Eikemo si nye bok *Alt inkludert* møter vi eit fargerikt persongalleri, kostelege scener og eit utforskande alvor. Hennar blikk på samtida er skarpt og relevant. Eikemo møter Kaja Schjervén Mollerin til bokprat.



Foto: Jørn H. Meen



Foto: Gyldenral



LAURDAG KL. 14.30 / SENTRALBADET FOTOBOMBER OG DATASPOR

John Erik Riley om fotobruk før og no.



LAURDAG KL. 15.00 / HARDANGER HOTEL MØT ELIN FURUBOTN. Gratiskonsert og samtale

Elin Furubotn er vokalist, gitarist, tekstforfattar og komponist med seks album bak seg. Tekstane hennar er underfundige kvardagssituasjonar, skildra med humor og alvor. Ein samtale om skapande prosesser, tonesett av Elin med gitaren. Støtta av NOPA.



Foto: Augga Johnson



LAURDAG KL. 15.00 / SENTRALBADET HEIMEKJENSLA

Sine ti første år levde Pedro Carmona-Alvarez i Chile, før familien måtte flykte frå diktaturet. Seinare kom familien til Norge, Pedro vaks opp på Kolbotn. Pål Norheim er misjonærbarnd, og vaks opp på ulike stader i verda. Som vaksen reiser han mykje, og drøyer om ein heim det er lett å reise frå.

Dei møtes til ein samtale om heimekjensla. Ordstyrar: Kaja Schjervén Mollerin.

LAURDAG KL. 15.30 / ARBEIDARBOLIGANE CECILIE SLÅTTELID OG DRAUMEN OM RUSSLAND

Spørsmålet om kva som er ein god heim handlar og om kva som er eit godt samfunn. Mange arbeidarkvinner i Odda i mellomkrigstida bar på draumar om ei betre organisering av samfunnet, med nye vilkår både i og utanfor heimen.

Hilde Danielsen fortel historia om Cecilie Slåttelid (1872–1944).



LAURDAG KL. 16.00 / MURBOLIGEN
MURBOLIGEN 100 ÅR – BAKGÅRDSFEST

Sjå eige oppslag s. 36-37

LAURDAG KL. 18.00 / ODDA KINO
KNUD KNUDSEN – DEN USYNLEGE FOTOGRAFEN

Sjå eige oppslag s. 28-29

LAURDAG KL. 20.00 / LINDEHUSET
TA MEG HEIM

Heime er viktig. Heime rammar inn dei åra vi er her på planeten. Heime får deg til å nynne, heime får deg til å plystre. Heime er plassen du reiser frå på leit etter det du finn når du kjem heim igjen. Heime er ikkje eit hus, heime er å vere med dei du elsker.

Med verdas beste band i ryggen utforskar Frode Grytten, Pedro Carmona-Alvarez og Annlaug Børshem kva det vil seie å vere heime. Det blir eit musikalsk kampreferat frå heimebane, poesi og tonar, tøys og kjærleik, det blir Flaming Lips, Springsteen, Tom Waits, Odda-Tom og verda der ute. Bli med på årets finaste heime-åleine-fest. Garantert heimesiger.



Foto: Gyltendal

LAURDAG KL. 23.00 / IRIS SCENE
KONSERT: THE FJORDS

The Fjords byr på mørke fortrulegheiter på ei seng av glitrande synth og elektronika. Tekstane strekker seg frå kjærleik, liv, tap, tilknytning, forureining og den industrielle tidsalder, men ikkje alltid i den rekkefølgja.

Release-turné for debutalbumet *Silhouettes*.



LAURDAG KL. 22.00 / HARDANGER HOTEL
MORELLSWINGERS SPELER TIL DANS

Heilshusarr. Dørene opnar kl. 22.00



I år er det 100 år sidan Murboligen sto ferdig. Arkitekt Egill Reimers si bustadblokk i Odda hadde 44 leilegheiter. Bustadblokka skulle ta unna for bustadnauda, som vaks i takt med industrireisninga i Odda. Trenden i byane var å bygga storgardskvartal med romslege felles gardsrom og klassisk utforma byparti. I byane bygde dei vidare bortover gata i same stil, men i Odda kom ein aldri lenger enn til dette eine bygget. Dette er vårt storgardskvartal.

Murboligen 100 år – bakgårdsfest

I *Bikubesong* fylte Frode Grytten Murboligen med alle slags fantastiske skapningar, og bikuben har levd vidare. Det blei tidenes suksess på Det Norske teater, det blei Litteratursymposium i Odda, det blei eit begrep i seg sjølv.

Laurdag under Litteratursymposiet inviterer vi alle til BAKGÅRDSFEST i Murboligen, med omvisingar opplesing og utstilling. Det blir musikk og grillmat, og det blir Lyden av 100 år, av og med Frode Grytten og Hans Kristen Hyrve.

Laurdag kl. 16.00 Murboligen



SØNDAG KL. 12.00 / TIDL. PARFYMELE FLUKT OG FLOM

«Flukt og flom - når heimen forsvinn» – foredrag ved Birgitte Lange, forfatter av boka *Hjemmestedet - Lengselen etter å komme hjem*.

UTSTILLINGA OPEN KL. 12.00 – 14.00.



Foto: Augun Johnsen

SØNDAG KL. 13.00/ KALVATRÆET I RØLDAL DIKT OG LØER I RØLDAL

Pedro Carmona-Alvarez besøker verdas minste litteraturhus og les frå *Samtaler med onkel Nica og tante Viola*. Løe-vandring etterpå i fotefara til «Sjå løo».



SØNDAG KL. 12.00 / LILLETOPP, TYSSDAL FAMILIETUR TIL LILLETOPP

I samarbeid med Barnas turlag Odda/ Ullensvang og NVIM.



Foto: OFK

SØNDAG KL. 13.00/ ODDA STADION Fotballkamp: OFK – Sola

Dagens speaker: Davy Wathne.



Foto: Henrik Brattli Vold/NRK



Foto: Paal Audestad



Foto: Knut Utler

SØNDAG KL. 18.00 / ULLENSVANG KYRKJE, LOFTHUS SOGA OM SESELJA

Gjennom ord, song og tonar får vi møte den einslege syerska Seselja, som lever og arbeider på første halvdel av 1900-talet. Eit gripande portrett og eit glimt inn i ei tid som no er borte. Dikta som «Soga om Seselja» byggjer på er frå Ruth Lillegraven si bok *Urd*, musikken er ein kombinasjon av nyskriven musikk og tradisjonell folkemusikk, arrangert av Rannveig Djønne, framført av Djønne og Tuva Syvertsen.

Bikubegang

- 1 MURBOLIGEN
- 2 FOLGEFONNGATA
- 3 FRELSESARMEEN
- 4 BARNESKULEN
- 5 PLATESJAPPA
- 6 FLYTEBRYGGA
- 7 TORGET
- 8 BUSSTASJONEN
- 9 ALMERKEPARKEN
- 10 GÅGATA
- 11 MERCUR CAFÉ
- 12 SKREVET
- 13 DOMUS
- 14 SMELTAREN

- 15 HARDANGER HOTEL
- 16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET
- 17 KINOEN
- 18 OPO
- 19 ERRAFLOT
- 20 TYSSSEDALSVEGEN
- 21 LINDEHUSET
- 22 SMELTEHUSET
- 23 HJØLLO
- 24 RØLDALSVEGEN



ODDA2015
LITTERATURSYMPOSIET



Litteratursymposiet

- A LINDEHUSET
- B HARDANGER HOTEL
- C MEIERIET
- D KINSALEN
- E UNGDOMSHALLEN
- F SMELT CAFÉ
- G SENTRALBADET LITTERATURHUS
- H ODDA BIBLIOTEK
- I MURBOLIGEN
- J IRIS SCENE
- K NLI
- L KINSARVIK BIBLIOTEK
- M RØLDAL

- N ARBEIDERBOLIGANE
- O FARGERIKE TORKELSEN
- P ODDA VITENSENTER / VITENPARKEN
- Q LINDEPLASSEN
- R ODDA ENERGI
- S GÅGATA
- T ULLENSVANG KYRKJE
- U SPAREBANKEN VEST
- V ODDA FOLKEBAD
- W IDRETTENS HUS/ODDA STADION
- X LILLETOPP
- Y TIDL. PARFYMELLE
- ★ FESTIVALKONTOR